

NVE – Konesjons og tilsynsavdelingen

Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen 22. februar 2016

**KLAGE PÅ KONSESJON FOR MORGÅDALSELVA, LOFTDALSELVA og RABBELVA KRAFTVER. NK
SMÅKRAFT SINE KOMMENTARAR TIL DESSE.**

Bakgrunn

Vi viser til e-post 26.1.2016 der dykk ber om NK Småkraft AS (NKS) sine kommentarar til klage frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal (NV).

Det var med stor negativ overrasking vi fekk klagen frå NV. Vi var i kontakt med NVE på siste klagefrist dag kl 15, og fekk då melding om at vi kunne «slappe av med dette» då det ikkje var registrert inn noko klage, og at tilpassingane i prosjekta samt sumvurderingane tilsa at det heller ikkje ville komme noko klage. Nokre dagar seinare fekk vi derimot opplyst at det hadde komme inn klage frå NV på samtlige 3 positive vedtak på ettermiddag/kveld.

NV opplyser at bakgrunnen for klagen er; «*Klaga dreier seg i stor grad om ei alt for dårleg kartlegging av biologisk mangfald*». Dei referer også til at planendringane, som var på høyring for alle høyringspartar inkludert FNF («paraplyorganisasjonen» til NV) endra seg i for stor grad frå det som var omsøkt frå tidlegare, og at miljøundersøkingane ikkje lenger er omfattande nok eller utført av dei «rette personane» slik vi les NV.

Vi ønskjer å kommentere følgjande:

1. NV hadde som alle moglegheit til å komme med innspel/kommentarar til høyringa for planendringa i slutten av september, men skriv at: «*Under synfaringa blei det klart at det ville komme ein justert søknad frå utbyggjar og at denne skulle sendast på ein avgrensa høyringsrunde. I påvente av ein slik søknad skreiv Naturvernforbundet ein rapport til FNF med det som vi fann under synfaringa. Sidan vi ikkje leverte eiga fråsegn, rekna vi med at høyringsbrevet berre ville bli sendt til FNF. Vi bad FNF om å få tilsendt høyringsbrevet, slik at vi kunne tilpasse våre innspel etter synfaringa til den justerte søknaden. Under synfaringa opplevde vi utbyggjar som veldig bakpå med planlegginga og vurdering av plassering av inntaksdammar osb., så vi rekna med denne justeringa kunne ta noko tid. I midten av desember tykte vi det gikk lang tid for å justere søknaden, og var i ferd med å kontakte NVE for å høyre kva som har skjedd. Då kom vedtaket. Vi har i etterkant fått vite at høyringsbrevet var blitt liggande hos FNF.*»

Frå synfaringdagane med NVE 2. og 3. september kom det fram under oppsummeringa, der også NV sin representant deltok, at desse oppdaterte innspela, ville komme på høyring relativt raskt då NVE ønskja å få vedtaka klare til jul 2015. Der er difor overraskande at NV venta til jul med å byrje å tenkje på å ta kontakt. Vi er også overraska over kommunikasjonen mellom NV og FNF, som trass i at dei er gjort merksam på det, ikkje har kommunisert seg i mellom frå september til desember (ut i frå det vi kan lese frå NV). Som tiltakshavar som har

brukt mykje tid og ressursar på søknadane føler vi dette er utfordrande. Saker som dette vil truleg bruke 1-2 år på å bli ferdighandsama i OED, og mtp denne utsettinga og fristen for el-sertifikat svekkar dette moglegheiten for prosjekta til å bli realiserte.

2. NV kommenterer at ubyggjar var «bakpå» på synfaringa, og at for Morgådal var *«inntaksstaden elles ganske vagt peika ut, litt alternativt....»* Prosjekta Morgådal, Rabbelva og Loftdalen vart markerte med merkeband, også inntaksområdet på Morgådal. Når det gjeld justeringane som kom undervegs i prosessen, var dette på bakgrunn av konstruktive innspel frå høyringspartane som vi sjølv såg ville gjere prosjekta meir tilpassa landskap- og miljø innanfor tekniske og økonomiske rammer som er mogleg å gjennomføre prosjekta på. Dette trudde vi også NV skulle sjå konstruktivt på.
3. Klagane er i stor grad identiske og vi vel å kommentere dei i same dokument. NV «mistenkjeleggjer» rapporten til Sweco og skriv mellom anna; *«Naturvernforbundet, som i motsetnad til Sweco ikkje får betalt for kartlegging, kan om det same området opplyse om følgjande artsmangfald...»*. Vidare kjem dei med fleire påstandar om ulike raudlisteartar som potensielt kan befinne seg i området. NV har ikkje påvist desse potensielle artane sjølv, og har heller ikkje dokumentasjon på dette. Det er verken lagt fram bilete av verifiserte raudlisteartar eller definerte stadfunn innanfor prosjektområdet som viser at dette er i konflikt med prosjekta. Eit eksempel i klagen til Morgådal er følgjande: *«Under synfaringa nemnte Naturvernforbundet sin representant omtrent øvst i røyrtraseen at terrenget såg ut til å ha potensiale for kvitkurle. Å leite etter kvitkurle i september er som å leite etter nåla i høystakken. Men Steinar Stueflotten har observert kvitkurle i dette området tidlegare. Funna er ikkje innlagt på Artskart, men personleg meddelt.»* Vidare står det: *«Raudlistearten kvitkurle finst rett på oppsida av inntaksområdet, og det er grunn til å tru at han kan finnast øvst i røyrгатetraseen. For å kartlegge kvitkurle må ein helst vere i området i juli. Viss ein ikkje kan kontrollere området på denne tida må ein legge til grunn at det er eit betydeleg potensial for førekomst av kvitkurle på staden...»*

Sweco si miljøundersøking av området er utført av Per Ivar Bergan, Solveig Angell-Petersen og Lise Risstad med kompetanse innanfor biologisk mangfald og fisk. Desse undersøkingane vart utførte 9 august for biologisk mangfald og 10 september (fiskeundersøking) i 2012. Dersom kvitkurle hadde vore i prosjektområde skulle det altså vore påvist den 9 august. Basert på det som NV legg fram er det heller ikkje lagt fram anna enn at det har vore observert kvitkurle i området, der kun ei påvising er stadfesta til å ligge innanfor verneområdet.

Det skal også leggjast til at Miljøfaglig Utredning, ved Morten W. Melby og Geir Gaarder, som utførte undersøkingar i forbindelse med vassdragsplan i Rauma, heller ikkje har påpeika dette i si utredning av dette området i 2005.

I forhold til Sweco sin kompetanse er dette også omtala i miljøundersøkingane for kvart enkelt prosjekt, men vi vel å leggje dette til på nytt då NV stiller deira kompetanse i tvil:

«Swecos miljøavdeling i Trondheim har flere erfarne økologer. Avdelinga har utarbeidet liknende utredninger for over 150 småkraftverk. Prosjektområdet er befart av Solveig Angell-Petersen og Lise Risstad. Solveig Angell-Petersen er utdannet biolog fra Norges teknisknaturvitenskapelige universitet og har arbeidet med miljøutredninger knyttet til småkraftverk i 4 år. Lise Risstad er utdannet naturforvalter fra Universitetet for miljø og biovitenskap på Ås og har jobbet som arealplanlegger i Melhus kommune siden 2008. Biologisk mangfoldrapporten er utarbeidet av Lise Risstad. Fiskeundersøkelse i elva er utført av Per Ivar Bergan. Han er ferskvannsbioolog og har vært ansatt hos Sweco i Trondheim siden

2000. Han har jobbet med problemstillinger omkring vannkraft og miljø i over 25 år. Kvalitetskontroll av rapporten er utført av Per Ivar Bergan»

4. NVE har først godkjent søknaden for utsending, og skriv vidare i bakgrunn for vedtak i forhold til om undersøkingsplikta er god nok;
 - a. Morgådalen

NVE har også sett påvirkningen fra Morgådalselva kraftverk i sammenheng med andre påvirkninger på naturtypene, artene og økosystemet. Morgådalselva er en av fire omsøkte kraftverk i Grøvdalen. Ingen av de omsøkte prosjektene i Grøvdalen vil komme i direkte konflikt med registrerte naturtyper av stor verdi eller observerte rødlistearter. Den samlede belastning på økosystemet og naturmangfoldet er dermed blitt vurdert, jamfør naturmangfoldloven § 10. Den samlede belastningen anses ikke som så stor at den blir avgjørende for konsesjonsspørsmålet. Etter NVEs vurdering foreligger det tilstrekkelig kunnskap om virkninger tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE mener at naturmangfoldloven § 9 (føre-var-prinsippet) ikke skal tillegges særlig vekt. Avbøtende tiltak og utformingen av tiltaket vil spesifiseres nærmere i våre merknader til vilkår dersom det blir gitt konsesjon. Tiltakshaver vil da være den som bærer kostnadene av tiltakene, i tråd med naturmangfoldloven §§ 11-12.»

- b. Loftdalen

«I influensområdet til Loftdalselva kraftverk finnes det fire registrerte naturtyper; naturbeitemark (B), rik edelløvskog (B) og bekkekløft (C). Vegetasjonen er ellers generelt ensartet, med enkelte meir frodige områder. Med unntak av bekkekløfta, som vil få et noe tørrere klima vil de registrerte naturtypene i liten grad bli berørt av tiltaket. Rødlisteartene stær, bergirisk, hvitkurle (NT) alm (VU) og jerv (EN) er registrert innenfor influensområdet, men vil ikke bli direkte berørt av tiltaket. En eventuell utbygging av Loftdalselva vil etter NVEs mening ikke være i konflikt med forvaltningsmålet for naturtyper og økosystemer gitt i naturmangfoldloven § 4 eller forvaltningsmålet for arter i naturmangfoldloven § 5. NVE har også sett påvirkningen fra Loftdalselva kraftverk i sammenheng med andre påvirkninger på naturtypene, artene og økosystemet. Loftdalselva er en av fire omsøkte kraftverk i Grøvdalen. Ingen av de omsøkte prosjektene i Grøvdalen vil komme i direkte konflikt med registrerte naturtyper av stor verdi eller observerte rødlistearter. Den samlede belastning på økosystemet og naturmangfoldet er dermed blitt vurdert, jamfør naturmangfoldloven § 10. Den samlede belastningen anses ikke som så stor at den blir avgjørende for konsesjonsspørsmålet. Etter NVEs vurdering foreligger det tilstrekkelig kunnskap om virkninger tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE mener at naturmangfoldloven § 9 (føre-var-prinsippet) ikke skal tillegges særlig vekt. Avbøtende tiltak og utformingen av tiltaket vil spesifiseres nærmere i våre merknader til vilkår dersom det blir gitt konsesjon. Tiltakshaver vil da være den som bærer kostnadene av tiltakene, i tråd med naturmangfoldloven §§ 11-12.»

- c. Rabbelva

«I influensområdet til Rabbelva kraftverk finnes det en lokalitet med gammel, fattig edelløvskog (Bverdi). Naturtypen vil i liten grad påvirkes av tiltaket. Rødlisteartene vipe (EN), jerv (EN) og alm (VU) er registrert i influensområdet, men vil ikke bli direkte berørt av tiltaket. En eventuell utbygging av Rabbelva vil etter NVEs mening ikke være i konflikt med forvaltningsmålet for naturtyper og økosystemer gitt i naturmangfoldloven § 4 eller forvaltningsmålet for arter i naturmangfoldloven § 5.

NVE har også sett påvirkningen fra Rabbelva kraftverk i sammenheng med andre påvirkninger på naturtypene, artene og økosystemet. Rabbelva er ett av fire omsøkte kraftverk i Grøvdalen. Mellom Rabbelva og Høgseterelva er det registrert en edelløvskog med B-verdi. Det er det også i influensområdet til Loftdalselva kraftverk som ligger lenger inne i Soredalen. Etter de endringene som er gjort i prosjektene i etterkant av høringsrunden vil de omsøkte tiltakene i liten grad påvirke naturtypen edelløvskog som er relativt utbredt i regionen. Ingen av de omsøkte prosjektene i Grøvdalen vil komme i direkte konflikt med registrerte naturtyper av stor verdi eller observerte rødlistearter. Den samlede belastning på økosystemet og naturmangfoldet er dermed blitt vurdert, jamfør naturmangfoldloven § 10. Den samlede belastningen anses ikke som så stor at den blir avgjørende for konsesjonsspørsmålet. Etter NVEs vurdering foreligger det tilstrekkelig kunnskap om virkninger tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE mener at naturmangfoldloven § 9 (føre-var-prinsippet) ikke skal tillegges særlig vekt. Avbøtende tiltak og utformingen av tiltaket vil spesifiseres nærmere i våre merknader til vilkår dersom det blir gitt konsesjon. Tiltakshaver vil da være den som bærer kostnadene av tiltakene, i tråd med naturmangfoldloven §§ 11-12.»

NVE si vurdering av dette saman med at Fylkesmannen si miljøvernavdeling (FM), som er staten sin forlenga arm i høve til å dokumentere naturverninteresser og biologisk mangfold, gjer at desse sakene, og konsekvensane av prosjekta, etter vår oppfatning bør være at momenta her er avklara.

FM fremja som kjent først motsegn til prosjekta Loftdalselva og Rabbelva innleiingsvis. Etter dei tilpassingane som er utførte i prosjektet har dei trekt tilbake desse motsegnene. Det ville dei nok ikkje ha valt å gjere om det var hald i NV sine påstandar.

5. NVE har vurdert prosjekta ut i frå sumbelastning. 6 fekk positivt vedtak, 4 vart avslått og 1 prosjekt vart trekt av tiltakshavar under prosessen. Nær halvparten av prosjekta har fått nei. Til tross for dette har NV har påklaga alle 3 NKS sine positive vedtak.

Vi ber om ei raskast mogleg handsaming av slike klagar. Lang handsamingstid i seg sjølv vil truleg auke omfanget av slike klagar. Vi vil også påpeike at det for desse prosjekta er sett i gang sonderingar for utbyggingsorganisasjon og planlegging rundt tilknytning for nett. Ei eventuell utsetting av framdrifta reknar vi med vil gje ein unødvendig kostnadsauke for prosjekta.

Vennleg helsing

Bård Moberg

Plan- og utviklingssjef